

NORMER OG REGLER

Festskrift til Dag Gundersen
15. januar 1998

Redigert av

Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangensteen

Nordisk forening for leksikografi

INNHOLD

Om Dag Gundersen	6
Tabula gratulatoria	9
Fjeld, Ruth Vatvedt: Om normer og regler	12
Wiggen, Geirr: Normering i et sosiolinguistisk perspektiv	25
Hoel, Oddmund: Marcus Jacob Monrad som målpolitikar	43
Worren, Dagfinn: Om å avgrense eit ordtilfang – soga om målføreorda i Nynorskordboka	59
Martola, Nina: Normering av finlandssvenskan i Stora finsk-svenska ordboken	71
Magga, Ole Henrik: Noen normeringsproblem i samisk	90
Engø, Anne: Endringer i skriftspråket vist med eksempler fra nyordsmaterialet	102
Lundeby, Einar: Normering av anglismer i moderne norsk	112
Vikør, Lars S.: Normering av fremmedord i internasjonalt perspektiv	122
Malmgren, Sven-Göran: Normering och semantisk beskrivning	136
Vinje, Finn-Erik: Talemålnormering i NRK	143
Sandøy, Helge: Talenorm i NRK	158
Venås, Kjell: Gjennomslag av normeringsarbeidet i Norsk språkråd	171
Wangensteen, Boye: Når normen blir for trang. Talemålsinnslag i norsk avisspråk	182
Bakken, Kristin: Markatur til Liastua. Om sammensetninger som har navn i bestemt form som førsteledd.	198
Hertzberg, Frøydis: Normering som hjelp eller tvang – eller normering i et skriveferdighetsperspektiv	213
Eikelund, Inger, E.M.: SGML anvendt ved redigering av ordbøker	227
Bergenholtz, Henning: Deskriptiv, proskriptiv og præskriptiv leksikografi	233
Lauvstad, Hanne: Makrostrukturen i samlinger av bevingede ord	247
Simensen, Erik: Normering i norrøne ordbøker	260
Guttu, Tor: Valgfriheten og rettskrivningsordlistene	273
Berkov, Valerij: Språknorm og normering i store og små språk (med russisk og norsk som eksempler)	291
Jón Hilmar Jónsson: Normhensyn ved valg av ekvivalenter. Islandsk som ekvivalentspråk i Nordisk leksikografisk ordbok	304
Svensén, Bo: Om terminologisk standardisering	313
Henriksen, Petter: Normering i encyklopedier	326
Engh, Jan: Normer, grammatikk og databehandling	344
Vannebo, Kjell-Ivar: Grammatikk i ordbøker og normeringsspørsmålet ..	360

Marcus Jacob Monrad som målpolitikar

1. Innleiing

Tradisjonalistane på 1800-talet har ikkje kome serleg bra ut av det i språkhistoriene. Hovudtemaet har vore arbeidet for eit norsk språk, og framstellingane er strukturerte etter to velkjende hovudliner – Ivar Aasens målreisingsline og Knud Knudsens oppnorskingsline. Tradisjonalismen vert presentert lite heilskapleg og står oftast berre fram som anonym motstand mot det språklege reformstrevet. Unntaket i midten av hundreåret er P.A. Munch, som gjerne har fått stå som den fremste representanten for tradisjonalismen.

I denne artikkelen skal P.A. Munch og meiningsfrendane hans få vika for ein gløymd, men likevel sers sentral 1800-talstradisjonalist: filosofen Marcus Jacob Monrad (1816–1897). Eg vil jamvel hevda at Monrad var ein vel so viktig og iallfall meir representativ tradisjonalist enn Munch. Det har to grunnar. For det første var Monrad i godt over ein mannsalder ein av dei tonegjevande intellektuelle i Noreg, og han var aktiv målpolitikar i eit par tiår i midten av hundreåret. Dette er i seg sjølv ein god grunn til at språkhistorikarar burde interessera seg for mannen. For det andre var Munch i utakt og Monrad i takt med den dominerande tradisjonalistiske retninga på eit sentralt ideologisk punkt, nemleg spørsmålet om det rådande skriftmålet i Noreg skulle reknast som norsk eller dansk.

Det er raskt gjort å nemna det som tidlegare er skrive om Monrad som målpolitikar. V. Skard (1980:99) set Monrad i ein parantes som godt kan lesast symbolsk når han nemner filosofen som ein av dei tre Knud Knudsen hadde med seg i tilsynsnemnda for Den norske dramatiske Skoles Theater i 1850-åra. Attåt dette vervet har Vinje (1978:158) fått med at Monrad i 1866 var mot at Det akademiske Kollegium skulle slutta seg til det skandinaviske rettskrivingsmøtet (avskrift av Gundersen 1967:53) og at han i 1881 var mot å oppretta eit professorat i landsmål. Almenningen m fl 1987, Torp/Vikør 1993 og Jahr 1994 nemner ikkje Monrad i det heile. Christophersen har med nokre sider om målsynet og den målpolitiske aktiviteten til Monrad i den store biografien sin (1959), men er fyrst og fremst oppteken av filosofen. Noko kan ein også finna i Vinje-avhandlinga til Haarberg (1985), i Aasen-biografiene til Venås og Walton, og ikkje minst i hovudoppgåva til T. Berg (1977). Men noko tilnærma samla framstelling av den målpolitiske verksemda hans finst ikkje.

Heller ikkje på andre fag har det vore serleg interesse for Monrad. Christophersen var eitt av få unntak før litteraturvitarane med Arild Linneberg i spissen børsta støvet av han i samband med prosjektet «Den norske litteraturkritikkens historie 1830–1940» ved Universitetet i Oslo i

1980-åra. I avhandlinga si har Linneberg gjort Monrad til hovudperson og viggd han to av åtte kapittel.

Framstellinga her er ei utviding av det eg skreiv om Monrad i hovudoppgåva mi (1996) og byggjer hovudsakleg på dei målpolitiske avis- og tidsskriftartiklane til Monrad (sjå litteraturlista). Eg har dessutan hatt serleg glede og nytte av arbeida til Christophersen, Berg og Linneberg.

2. Embetsmannsson og leiande intellektuell

Marcus Jacob Monrad høyrdet til ein mykje omtala generasjon av eliten i norsk kultur- og samfunnsliv: Dei som vart fødde kring 1814, studerte i 1830-åra, stod bak det nasjonale gjennombrotet i 1840-åra og inntok sentrale posisjoner i samfunnet i 1850- og 60-åra.

Monrad var embetsmannsson og hadde såleis ein normal sosial bakgrunn til å vera akademikar og aktør i målstriden. Likevel hadde han nærbondkontakt med bønder, folkemål og folkedikting i barne- og ungdomsåra sidan faren var prest på ymse stader i Telemark i denne tida. Dette skulle koma til å få ein del å seia for språksynet hans.

Monrad tok embetseksamen i teologi, men vart yrkesfilosof. I 1845 vart han tilsett som universitetslektor og frå 1851 professor, ei stilling han sat i livet ut. Alt i 1840-åra stod han fram som ein skarpskodd debattant og kritikar, og Arild Linneberg (1992:71) er ikkje i tvil om at Monrad i tida mellom 1848 og 1870 var

... den ledende intellektuelle i Norge. Han var en strateg i embetsmannsstatens kulturmang. Det er neppe noen overdrivelse å si at denne filosofi-professoren prega en hel menneskealders akademiske ungdom i Norge.
[...] Monrad var en akademiker som ruva i landskapet, en kjempe med overblikk over filosofi, teologi, klassisk filologi, estetikk, kritikk, historie, kunsthistorie, matematikk, naturvitenskap, musikk og litteratur.

Den framståande posisjonen fekk han ikkje minst gjennom eit aktivt liv utanfor universitetet. Opprangsinga av den skriftlege produksjonen hans fyller 10 tetttskrivne sider i Norsk Forfatter-Lexikon, og han var aktiv i eit stort tal organisasjoner, tidsskrift og andre føretak med stor opinionsdanande kraft. Han var sentral i Studentsamfunnet og direksjonsmedlem i Selskabet til Folkeopplysingens Fremme livet ut (skipa 1851), han var med på å få i gang tidsskriftet *Nor* (1841), var redaktør for *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* (1853–55) og var med på å skipa Det Skandinaviske Selskab (1864).

I det offentlege livet heldt Monrad på posisjonen som sjølvstendig og kritisisk intellektuell, og han stod alltid noko på sida av det rikspolitiske livet, sjølv om han med åra vart «konservativismens teoretiker og forsvarer» (Christophersen 1940:323). Det mest vidgjetne – eller illgjetne – politiske utspelet hans var den sokalla «statskupp-artikkelen» i 1882 som mange tok som

ei oppmoding til regjeringa om å gjera statskupp for å hindra parlamentarismen. Med dét er likevel ikkje alt sagt om den politiske rolla hans. I byrjinga var han liberal, og sjølv om han aldri var nokon radikalar, stod han kring 1850 nær den liberale og demokratiske opposisjonen. Han skal til og med ha figurert på ei liste over aktuelle ministrar som Thrane-rørsla sette opp medan optimismen enno rådde i den leiren (Christophersen 1959:ix). Idealisten Monrad stod aldri på god fot med materialisten og «filosofidødaren» Schweigaard og intelligentskrinsen som studerte i 1830-åra og styrtet landet i embetsmannsstatens glanstid i 1850- og 60-åra.

3. Monrad og målpolitikken – eit oversyn

Dei målpolitiske innlegga til Monrad er korkje mange eller lange, og dei fleste fell innanfor perioden 1842–62. Til skilnad frå mange andre sentrale personar i målstriden var han ikkje målvitskapsmann, og han skreiv aldri nokon større avhandling om språklege spørsmål. Det lengste stykket fyller vel 30 boksider (Monrad 1854), og innlegga hans er hovudsakleg bokmeldingar og meir eller mindre polemiske innlegg i ordskifte. Når skriftene hans likevel bør interessera oss, er det på grunn av den tonegjevande posisjonen hans i ålmenta, den beinveges innverknaden i fleire målpolitisk viktige organisasjonar og institusjonar, og ikkje minst kvaliteten på argumentasjonen i innlegga. Monrad argumenterer førebileteleg prinsipielt, konsistent og logisk ut frå klårt definerte premissar, og slik gjev innlegga hans eit godt innblikk i det ideologiske og filosofiske grunnlaget for tradisjonalismen.

(a) *Bokmeldingane i 1840-åra*

Den fyrste gongen han ytra seg offentleg om den norske språksituasjonen, ser ut til å vera i ei melding av *Norske Folkeeventyr* av P. C. Asbjørnsen og J. Moe i 1842. Han skriv her oppglødd om den store interessa for det nasjonale som har byrja koma til uttrykk i utgjevinga av folkedikting og folkemelodiar, i historiegranskning og i målgranskning. Forståingsramma er klårt nasjonalromantisk: «... Nationens Indre boende Aand» tok no til å koma til uttrykk, og Monrad var ikkje minst glad for at

... vor Landalmues Sprog begynder man dog nu at betragte som noget Andet end en hæslig Fordreielse af det skjonne, danske, Skrivtsprog. Publikum har allerede halvtomhalvt faaet Løvte paa en grammatiske Bearbeidelse af en af hint Sprogs Dialekter, hvilken maaske turde give Exemplet for flere lignende Forsøg. (Monrad 1842:sp.2)

Det same synet hadde han i 1847 då han melde *Det oldnorske Sprog eller Norrønasprogets Grammatik* av P. A. Munch og C. R. Unger som hadde kome same året. I dette verket låg kimen til eit skriftmål med eit norsk preg, meinte

Monrad, for gjennom ei jamføring av norrønt og moderne dialektar

... bliver vort norske Bondesprog derved paa en vis Maade adlet og dets Berettigelse tydeligere erkjendt; Forestillingen *om det danske Udtryk* som det «rigtige» og det *norske* som det gale, udslettes mere og mere. Herved vil ogsaa den Stræben, der hos os har begyndt at vise sig, efter ved Benyttelse af Almuesproget deels at berige vort Skrivtsprog, deels at give det et eiendommeligt norsk Præg, faae sit rette Støttepunkt. (Monrad 2.3.1847)

Men Monrad var samstundes skeptisk til tanken om å laga eit nytt språk på grunnlag av målføra:

At skabe et splinternyt Sprog er naturligviis en Umuelighed; ved en Revolution at tilintetgjøre hvad vi have, gaaer ikke an; kun derved kan et charakteristisk norsk Sprog opstaae, at vort nærværende afblegede Skrivtsprog opfriskes ved at neddyppes i sin Kilde, der i Traditionens levende Strøm endnu flyder iblandt os. (4.3.1847)

Med dette hadde Monrad lansert det språkpolitiske programmet sitt: Ei varsam oppnorskning av skriftnålet, og me må kunna seia ei overraskande tidleg avvising av landsmålstanken. Adressa var nok først og fremst målreisingsplanane som P. A. Munch hadde bore fram (Hoel 1996:250). Aasen hadde enno ikkje publisert resultata av granskingane sine (grammatikken og ordboka kom i 1848 og 1850) og langt mindre teke offentleg til orde for å reisa eit nytt skriftmål, noko han gjorde i 1852.

(b) Teatermålet

Striden om teatermålet fekk Monrad til å engasjera seg i målstriden for alvor og var opphavet til fleire av dei viktigaste målpolitiske innlegga hans frå 1850-åra. Det store målpolitiske stridsemnet dei første åra etter 1849/50 var teatermålet, og arenaen var Christiania Theater som var det einaste offentlege teatret i landet. Teatret henta skodespelarane frå Danmark, og det var ei klår oppfatning i den tonegjevande delen av publikum at berre danske skodespelarar og dana københavnsk talemål var brukande på scenen.

I kjølvatnet av den nasjonalromantiske bløminga sist i 1840-åra og den politiske uroa etter februarrevolusjonen, gjekk den liberale og demokratiske opposisjonen i hovudstaden laus på danskeveldet ved teatret med ny glød (jf Hoel 1996:91ff). Monrad var her med i fremste rekke. I januar 1850 skreiv han ein rosande dobbeltartikkel etter at Christiania Theater hadde teke inn nokre norske skodespelarar, og attå rosen gav han ei prinsipiell grunngjeving for kvifor ein snøggast råd måtte få heile teatret over på trygg norsk grunn.

Då oppnorskingskrava likevel ikkje førde fram, skipa teateropposisjonen i 1852 sitt eige teater, *Den norske dramatiske Skoles Theater*, som både skulle vera

ein teaterskule og eit offentleg teater. Monrad sat i leiinga og var ei lojal og viktig støtte for teatret frå skipinga i 1852 til det gjekk konkurs i 1862. Knud Knudsen var språkkonsulent og lærte skodespelarane dana daglegtale, og Monrad var med i den språklege tilsynsnemnda. I 1852 skreiv han eit langt og prinsipielt svar på kritikken som vart reist mot teatret i kjølvatnet av opninga i oktober 1852, og det neste tiåret måtte Monrad stadig ut i pressa for å forsvara teatret. Då teatret søkte Stortinget om tilskot i 1854, skreiv Monrad «Om Theater og Nationalitet og om en norsk dramatisk Skole» som vedlegg til søknaden (Monrad 1854). Avhandlinga er utan samanlikning det mest sentrale teaterpolitiske dokumentet frå midten av 1800-talet.

(c) *Landsmålet*

Monrad hadde stor vyrdnad for Aasen og det målvitskaplege arbeidet hans, men alt i 1847 avviste Monrad som nemnd tanken om eit skriftmål bygt på målføra. Den fyrste striden om landsmålet kom opp hausten 1852 etter at Aasen hadde lansert målreisingstanken i ei melding av *Folkevennen*. Striden må rekna som ein avleggjar av den store målstriden som rasa i 1852–53 og som først og fremst var utløyst av at det norske teatret opna (Djupedal 1969 har ein utfyllande fektingsrapport). I artikkelen frå 1852 nyttar Monrad ein god del plass på å avvisa landsmålstanken som Aasen hadde sett fram, og som serleg Mathias Dahl Gjessing hadde argumentert kraftig for. Monrad slo her fast at «Selv den Idee at hæve *Almuesproget*, *Bondemalet* strax til Literatursprog eller endog lade det fremtræde paa Scenen, maa vi fra vort Standpunkt ... betragte som uudførligt Sværmeri.» (Monrad 1852:514)

No godtok Monrad rett nok landsmålet på scenen tre år seinare då han melde *Ervingen* (1855) av Aasen. Innhaldet i stykket fekk mykje ros av Monrad, og målet fekk passera sidan det var ei idealisering av folkemålet og ikkje folkemål i rå form. Men det var klåre grenser for kva landsmålet kunne og burde brukast til. Bondemålet hadde nemleg

... blevet liggende agterud for den høiere Dannelse, ved hvilken Nationen nu indtager sin Plads i Nutidens Civilisation; det har ikke fulgt med Institutionernes Udvikling, men betegner et naivere Standpunkt, ...
Hiint Landsmaal er med eet ord væsentlig *umyndigt* og tilhører kun Idyllen. (Monrad 1855:367)

I 1858 byrja Vinje å gje ut *Dølen* og braut landsmålet ut or den folklorisitiske innhegninga som Monrad hadde sett opp i *Ervingen*-meldinga. I den store striden om landsmålet hausten 1858 som mellom anna vart utløyst av *Dølen*, stod Monrad fram som ein av dei sentrale landsmålsmotstandarane i pressa. Monrad let Aasens landsmålsomsetjing av *Fridtjofs Saga* (1858) passera med same grunngjeving som i *Ervingen*-meldinga, men Vinje og *Dølen* fekk gjennomgå. Det var heilt uakseptabelt å nyttar landsmålet som om det var eit vanleg «almengyldigt» skriftmål slik Vinje hadde gjort – det var «et Sværmeri,

der staar i Strid med alle Kulturudviklingens Love.» Målet hans var dessutan eit «Bastardsprog» – ei blanding av «Kultursproget» og telemålet, som Monrad jamførte med «det saakaldte Russenorsk; det er vistnok mindre end smukt» (Monrad 21.10.1858). «Aasen lika ikkje Monrad», har Ivar Welle fortalt til Reidar Djupedal, og det må ein seia er skjøneleg (Aasen 1958 II:352). Stephen Walton har på si side utropa Monrad til «den åndelege stamfaren til alle dei som tykkjer nynorsken tek seg fint ut i dikt» (Walton 1996:646).

(d) Oppnorskingsa

Monrad samarbeidde nært med Knud Knudsen på det norske teatret frå 1852 til 1862. I 1850 publiserte Knudsen den kjende artikkelen «Om Norskhet i vor Tale og Skrift», som raskt vart det fremste programskriften for teateropposisjonen. Dersom me skal tru Knud Knudsen, hadde Monrad omkring 1850 gjort det klårt frå talarstolen i Studentsamfunnet at han var samd med Knudsen i alt Knudsen hadde sagt og skrive om norsk uttale (Berg 1977:44). Den målpolitiske skyldskapen mellom dei to vert understreka av at fleire trudde Knudsen hadde skrive den anonyme artikkelen til Monrad i 1850 (Knudsen 1850:272).

Dette var før Knudsen hadde gjort noko for å setja det skriftspråklege oppnorskingsprogrammet ut i livet. Dei fylgjande åra kom Monrad til å fungera som passiv støttespelar for oppnorskingsmennene ved å gje dei ein arena. Som styremedlem i Folkeopplysningsselskapet var han i 1851 med på å tilsetja Knudsen-mannen Ole Vig som sekretær for selskapet og redaktør for *Folkevennen*. Dette tidsskriftet vart eit viktig organ for det dansk-norske målstrevet utetter 1850-åra (Hoel 1996:201ff).

Likevel var Monrad ingen oppnorskingsmann sjølv, iallfall ikkje dersom ein reserverer omgrepene for dei Brynjulf Bleken kallar «sprogstrevere» – dei som målmedvite og programmatisk arbeider for å endra språktradisjonen til skilnad frå dei som kanskje ynskjer ei slik utvikling, men ikkje vil gje noko aktivt for å driva ho fram (Bleken 1966:18). I 1856 gjekk Monrad ope ut mot målstrevet til Vig etter at Vig sette på prent ei lang artikkelrekke i *Christiania-Posten* med tittelen «Korstog mod unødvendige fremmede Ord i Bøger og Blade». Det var, som tittelen vel ber bod om, ei djuptpløyande, prinsipiell og polemisk grunngjeving for ein streng purisme i ordvalet.

Når det gjeld svaret frå Monrad må eg ta det etterhalde at Monrad ikkje har vorte tillagt forfattarskapen før. Eg har ikkje handfaste prov på at han er forfattaren, men det er sannsynleg ut frå innhald, språkbruk og stil (jf Hoel 1996:182). Han avviste her den strenge purismen til Vig av di dette ville avskjera nordmennene frå «den almindelige europæiske Kultur» og føra folket attende til eit tilbakelagt kultursteg. Folk burde skjøna at å ta opp framande ord og uttrykk var

... en naturlig og nødvendig Følge af Nationens Fremskridt i Kultur og saaledes betinger Nationalitetens egen sunde Udvikling, ... Vilde vi, at

vor Folkeaand skal gaa fremad i sundt, alsidigt Liv og ikke hemmes og stivne til i sin Eensidighed, da maa vi ikke ville hindre, at den tager Deel i den almindelige Kultur-Udvikling ... (Monrad 1856:sp.3)

Monrad kom med sitt første offentlege åatak på Knudsen hausten 1862, talande nok etter at det norske teatret hadde gått konkurs og det nære samarbeidet mellom Knudsen og Monrad der var over. Dette samarbeidet hadde elles vorte sett på prøve under den store striden om latinstile til artium sist i 1850-åra der Knudsen og Monrad stod i fremste rekkje på kvar si side (Dahl 1962:71–95).

Våren 1862 gav Knudsen ut pamfletten *Er norsk det Samme som Dansk?*, der hovudpoenget hans som vanleg var å påvisa at dansk og dansk-norsk var to ulike og åtskilde språk både i tale og etter kvart i skrift, og at det dansk-norske skriftmålet difor måtte retta seg etter det dansk-norske talemålet utan å skjegla til skrivemåten i Danmark. Monrad kritiserte her Knudsen for å trø over det me i dag ville kalla det viktige sosiolingvistiske skiljet mellom «det egentlige høiere Literatursprog» og eit «saakaldet Familiær- eller Vulgær-Sprog». Knudsen såg ut til å vilja ta opp i skriftmålet «...Alt, hvad der engang staar paa Prent, ... ligemeget om det staar i Prædiken eller i en egte eller efterlignet Pibervigs-Vise.» (Monrad 3.10.1862:sp.3) Her, som i 1856 og 1858, var det tradisjonalisten Monrad som tala, og artikkellekka frå 1862 må reknast som det endelege målpolitiske brotet med Knudsen.

Seinare er det lite som gjer Monrad verd å nemna i ein språkhistorisk samanheng. Eit høveleg punktum i dette vesle oversynet er likevel servotumet til Monrad då Det akademiske Kollegium fekk ein førespurnad om å slutta seg til det skandinaviske rettskrivingsmøtet i Stockholm som vart halde i 1869. Monrad var sjølv ein ihuga skandinivist, men språkskandinavismen avviste han ved å uttrykkja kjernekpunktet i all språkleg tradisjonalisme: «... jeg anser det som principielt uriktig, ved officielle Forholdsregler at ville foregripe Sprogets eller Sprogbetegningens naturlige Udvikling.» (Gundersen 1967:53)

4. Språkideologiske hovudlinjer

På 70-årsdagen til Monrad i 1886 skreiv *Dagbladet* at Monrad var mannen som «begyndte med at være med på alt», men enda «uden at kunne være med paa noget» (Linneberg 1992:72). Karakteristikken er også råkande på den målpolitiske utviklinga hans når me ser korleis han byrjar som teateraktivist og sluttar som ein hard motstandar både av Aasen og Knudsen.

Me skal likevel ikkje overdriva den målpolitiske dreininga til Monrad, og som det går fram av den fylgjande framstellinga, er det er ikkje vanskeleg å sjå ei klår line i målsynet hans gjennom desse to tiåra. Den dreininga me kan sjå i vektlegginga var nok mest ei fylgje av at den målpolitiske stoda endra seg mykje etter at Knudsen og Aasen kom på bana med programma sine i 1850-åra. Når det gjeld skriftmålet, må Monrad kallast tradisjonalist heile tida sidan

han gjekk mot alle freistnader på å gripa aktivt inn for å skunda på utviklinga av eit eige norsk skriftmål.

(a) Språk og nasjonalitet

I dag må det seiast å vera ei utbreidd meining, i allfall i språkvitskaplege kringar, at skriftmålet i Noreg på 1800-talet var dansk og at målføra representerte det norske målet. Me har lettare for å gløyma at ein slik påstand var kontroversiell på 1800-talet. Det fanst ingen konsensus om kva som var «norsk» og «nasjonalt» på det språklege området på 1800-talet, og det var ein del av målstriden å gje desse omgrepa eit visst sosiokulturelt innhald. Slik vart målstriden samstundes ein strid mellom ulike nasjonalitetssyn.

Spørsmålet om nasjonaliteten til skriftmålet står sers sentralt i dei målpolitiske innlegga til Monrad, og utgangspunktet er den romantiske tankeverda. Han mårber den typisk romantiske førestellinga om at det finst ein kjerne i nasjonaliteten og at nasjonane har funnest i all æve. Nasjonen var tufta på ein ålmenn ide, ein evig «Guddomstanke, der saa at sige udgjør Nationalitetens inderste Spire og indeholder dens Bestemmelse for alle Tider» som han skrev i 1854. Denne kjernen var *folkeånda*, som var gjeven av «Skaberens Haand, [og] paatrykker sig af sig selv alle Folkets Handlinger og Ytringer». I romantisk tradisjon hevda han vidare at språket var «Nationalitetens fineste, saa at sige meest sjælelige Udtryk». (1854:14)

I 1800-tals-Noreg kunne romantikken raskt få store politiske og kulturelle fylgjer. I *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (Torp og Vikør 1993:143–144) vert P.A. Munch kalla ein «ambivalent nasjonalromantikar», og karakteristikken høver like godt på Monrad. Eliten var avhengig av «det norske» og nasjonalismen på to måtar, utetter for å legitimera statsskipinga i 1814, og innetter for å ha noko å samla folket om på tvers av geografiske og sosiale skilje. Det siste var m.a. det ideologiske føremålet med Folkeopplysningselskapet som vart skipa i 1851. Samstundes hadde «det norske» ei anna side: Det var knytt til bøndene og bondesamfunnet, og ved å leggja stor vekt på det nasjonale, risikerte overklassen å mista kulturell og sosial legitimitet andsynes bondestanden ved ufriviljug å definera seg sjølve som unasjonale. Haugland (1985:43) siterer nasjonalismegranskaren Kenneth Minogue, som har kalla romantikken «potensielt revolusjonær» ved at ein no tok til å sjå ålmugen ikkje berre som enkle bønder, men som ei kjelde til nasjonal kreativitet. A. D. Smith (1991:75) har sameleis nytta nemninga «kulturell populisme» om romantikken. Det var naturleg nok aller klårast i tidlegare koloniar som Noreg, der ein hadde ein overklasse med sterke kulturelle band til ein annan nasjon. Med den sterke vekta på det folkelege vart romantikken eit kulturelt motstykke til folkesuverenitetstanken – læra om at makthavarane skulle få makta frå folket, ikkje frå Gud.

I 1840-åra var dyrkinga av det nasjonale lite kontroversiell, og etter klimakset i 1848/49 skreiv N. R. Østgaard (1852:iv) lakonisk at det nasjonale «har været i Mode». Kring 1850 vart nasjonalismen i sterkare grad teken i bruk som våpen i samfunnskampen, og det radikale potensialet i romantikken

vart utnytta for dét det var verdt av Monrad og teateropposisjonen. Ein må difor *ikkje* leita etter dei mest oppglødde kulturnasjonalistane i den politisk mest konservative og sosialt mest høgtståande delen av eliten. Der var det heller ein tydeleg skepsis til det nasjonale, som i 1852 klårt vart uttrykt av ein av «dannelsens» sterke menn, rektor på katedralskulen i Kristiania, Frederik Vibe. Han åtvara mot å veikja den språklege og kulturelle fellesskapen mellom Danmark og Noreg, noko som mellom anna ville vera fylgia av arbeidet for norske skodespelarar. I denne «eensidige og overdrevne Forkjærlighed for det Nationale» såg Vibe

... den samme demokratiske og tildeels socialistiske Tendents, som i den senere Tid har aabenbaret sig i saamange Retninger. Ligesom man i alle andre Henseender har stræbt at nedtrykke Intelligentsen eller de dannede Klasser og berøve den al Auktoritet, alle Fortrin og Særkjender, hvorved de adskille sig fra Massen, saaledes vil man om muligt nu ogsaa berøve dem sit Sprog, og man fordrer bydende at de skulle tale og skrive som Bonden eller Almuesmanden. (Vibe 18.11.1852:sp.3–4)

Vibe sat sjølv i direksjonen for Christiania Theater og var ein av dei som teateropposisjonen hadde skjelt ut etter notar for å vera unasjonal.

Utetter 1850-åra byrja nye grupper å interessera seg for det nasjonale, og no fekk Monrad og dei moderate i teateropposisjonen oppleva at nasjonalismen vart nyttा mot dei sjølve. Gjennom Ole Vig og lærarorganiseringa nådde nasjonalistiske og romantiske idear i grundtvigiansk utgåve ut til leiar-sjiktet i bondesamfunnet, og i målrørsla frå slutten av 1850-åra og utetter vart ein opposisjonell kulturnasjonalisme utvikla vidare, dels på romantisk grunn. Frå slutten av 1860-åra fall han saman med ein politisk nasjonalisme retta mot unionen med Sverige. Heile eliten og ikkje berre den aller øvste delen av han vart no rekna som unasjonal og unorsk. For Vinje var dei «Kolonistar», og i 1877 slo Garborg fast at det var to nasjonalitetar i landet, ein norsk og ein dansk-norsk. Denne «tonasjonslæra» vart sett på spissen med boka til Garborg, men var utvikla i landsmålsmiljøet og i det politisk radikale miljøet kring J. E. Sars, Johan Sverdrup og H. E. Berner frå 1850-åra og utetter (Hoel 1996: 273, 390).

Ein skulle tru det baud på visse problem for tradisjonalisten Monrad å halda seg innanfor ein nasjonalromantisk forståingshorisont. For P. A. Munch førte denne djupe motsetnaden mellom «Culturen» og norskdomen til at han i 1852/53 valde bort norskdomen og meinte ein fekk vera glad for at ein hadde fått tilgang til den europeiske sivilisasjonen gjennom det danske skriftmålet, som ut frå språksynet hans var dansk og aldri kunne bli noko anna.

På dette sentrale punktet skil Monrad lag med Munch, og dette er hovudgrunnen til at Monrad må reknast som ein meir representativ tradisjonalist enn Munch. Monrad godtok slett ikkje premissane om at nordmennene hadde eit nasjonalt språkproblem. Skriftmålet var norsk, meinte Monrad, og

her slutta han seg til ei line som går heilt attende til 1814–15. Alt i 1815 slo et so framståande organ som Det akademiske Kollegium fast i eit brev til Stortinget at skriftmålet måtte reknast som «norsk» (Indrebø 1951:358), og synet vart ihuga forsvart av nordmennene mot danske protestar dei fylgjande åra. Frå 1830-/40-åra hadde «norsk» fest seg som vanleg nemning på skriftmålet, og det var dette synet Munch, målfolket og oppnorskingsflokken gjorde opprør mot og Monrad førte vidare i 1850- og 60-åra.

Som mange andre har gjort både før og seinare, peika Monrad på at skilnaden mellom skriftmålet og det høgare talemålet på den eine sida og folkemålet på hi sida ikkje var større her i landet enn i andre land det var naturleg å samanlikna seg med. Han avviste difor blankt alle samanlikningar mellom språksituasjonen i Noreg og språksituasjonen t d i Finland der to gjensidig uskjønelege språk stod opp mot kvarandre. Han drog gjerne fram at det var liten skilnad mellom norsk og dansk, og at varietetane lingvistisk var å rekna som dialektar, ikkje ulike språk. Samstundes la han, som andre tradisjonalistar, vekt på *skilnadene* dei norske målføra imellom. Aasen og målfolket gjorde det motsette. Ein sentral del av det vitskaplege prosjektet til Aasen var å grunngje at dei norske målføra til saman utgjorde eit sjølvstendig språk med skilnader einast på overflata medan det norske språket skilde seg meir grunnleggjande frå grannemåla dansk og svensk.

Det var difor umogleg for Monrad å godta tonasjonslæra til målfolket. Etter at lærar var framførd i Studentsamfunnet i målordskifta hausten 1866, m a av Christopher Bruun, reagerte Monrad frå talarstolen: «Der er ikke ført bevis for kløftens eksistens ... Der er ikke to, kun en nasjon hos oss.» (etter Seip 1981:160)

Monrad fann òg geografiske og demografiske argument for å kalla skriftmålet norsk. Som Knudsen peika Monrad på at det høgare talemålet som stod skriftmålet nær, vart nytta over heile landet sidan det fanst embetsmenn over heile landet, og at det var den talemålsvarieteten i landet med flest brukarar sidan eit einskilt målføre ikkje kunne oppvisa like stor utbreiing. Det høgare talemålet, og skriftmålet, var difor «nasjonalt» i tydinga «landsfemnande», i motsetnad til folkemålet (eller folkemåla) som var lokalt og provinsielt.

Slike synkrone og territorielle argument var ikkje nok i seg sjølv i historismens gullalder, og det mest sentrale argumentet for å kalla skriftmålet norsk var historisk: Det var utvikla av nordmenn og danskar i fellesskap og kunne difor like godt kallast norsk som dansk. Her stodde han seg til dei språkhistoriske granskingane til jusprofessoren Henrich Steenbuch frå 1820- og 30-åra (jf Indrebø 1951:359, 361 og Hoel 1998). Granskingane til Steenbuch var motiverte av striden mellom nordmenn og danskar om namnet på skriftmålet etter 1814, og han kom fram til at skriftmålet ikkje berre var like norsk som dansk – det var jamvel *meir* norsk enn dansk av di nordmennene hadde hatt meir å seia enn danskane i utforminga av skriftmålet. So langt gjekk likevel ikkje Monrad, men han viste eksplisitt til Steenbuch fleire gonger (t d i Monrad 25.11.1858, sp. 2).

Monrad hadde dessutan eit historisk argument som dels var uavhengig av dette: Nordmennene hadde nytta skriftmålet i so mange hundre år, at om det ikkje var norsk i opphavet, so hadde det vorte nasjonalisert. Det kunne vere meining i å kalla skriftmålet dansk «saalænge dog Kjøbenhavn var det egentlige Middelpunkt for vor Litteratur som overhoved for Dannelsens Udvikling». Men no var banda til Danmark brotne, og nordmennene trong ikkje «se op til nogen dansk Norm». (Monrad 25.11.1858)

Synet hans på tilhøvet mellom målføra og skriftmålet kom tydeleg fram i 1847, då han skrev at «... vort nærværende afblegde Skrivtsprog opfriskes ved at neddyppes i **sin** Kilde» (jf ovanfor). I ein av artiklane mot landsmålet i 1858 får me presentert synet i konsentrert form:

... vi ere ingenlunde blinde for det inderlige Baand mellem Sprog og Nationalitet. Men det Sprog som i saamange Slægtfølger har været Nationens Dannedes Sprog, det, hvori al høiere Oplysning har været Folket meddelt, hvori Lovene tale, Religionen forkynnes, hvori Skaldene synge, det, hvori Nationen selv er kommen til Selvbevidsthed og som den saaledes ogsaa ganske vist har paatrykt sit Præg: dette Sprog maa dog vel i udmarket Forstand siges at være Nationens eget, det, og *ene det* er netop i Sandhed *Nationens* Sprog som saadan, som Enhed og Almindelighed, medens Bygdemalet netop kun er Bygernes eller Almuens Maal. Men Bygderne ere ikke Landet, og endnu mindre er Almuen Nationen. Thi Landet omfatter f.Ex. ogsaa Byen, og Nationen er ogsaa de Dannede, ja det er netop i disse den samler sig af den naturlige Adspredelse til virkelig Enhed og Sammenhæng, i dem den naær sin virkelige Selvbevidsthed som Nation. (Monrad 17.10.1858)

Det som framleis måtte vera att av indre motsetnader i nasjonalitetssynet til Monrad, forsvann ved hjelp av hegeliansk dialektikk. Han tileigna seg tanke-systemet til Hegel under utanlandsopphaldet i 1842–44, og i norsk åndshistorie har Monrad gått inn som hegelianaren framfor nokon. Herifrå henta han den filosofiske modellen for kulturutvikling, og i praksis kom det til syne ved at han såg føre seg ei utvikling gjennom dei tre stadia i dialektikken – tese, antitese og syntese. «I Nationalitetens første Stadium er den [dvs. folkeånda] endnu umiddelbar dvs. den *er der blot*, uden at see og kjende sig selv som saadan,» skreiv han i 1854. Råmaterialet, slik det låg føre som folkekultur og folkemål, fann ein hjå ein naiv ålmuge. Det var på dette stadiet landsmålet stod – i «idyllen». Det var kunsten og vitskapen si oppgåve å foredra råmaterialet, gjera det *reflecteret*, som er eit nøkkelord hjå Monrad (antitesen). Slik vart det teke opp i syntesen – den samlande nasjonalkulturen, og ein hadde nådd eit steg nærmere kjernen i nasjonen og den evige sanninga. Provinsielle språk- og kulturdrag vart på den måten forvandla til nasjonale, og berre gjennom ein slik prosess kunne ein nå fram til sann nasjonalitet. Nasjonalkulturen, og nasjonalmålet, skulle so verka foredlande og hevande attende på folkekulturen

og folkemålet. Tydeleg kjem tanken til uttrykk i det Monrad skreiv om teatermålet:

Thi netop Theatret har den Opgave at fremstille Sproget i sin sandeste, ædleste Form; medens det naturligvis udelukkende øser af Folkets Forraad, virker det igjen tilbage paa Folkets Sprog, som et forædlende Mønster og en sammenholdende Auctoritet. Uden denne levende Gjenspejling, naar Talesproget ikke den Fuldendelse, den Afrunding og Afslutning, hvorpaa dets selvstændige Gyldighed for en stor Del beror. (Monrad 1852:510)

Slik skulle språkutviklinga og nasjonaliseringa siga framover ved at kunstnarar varsamt tok i bruk og «foredla» element frå folkemålet. «Digteren er saaledes paa en Maade sin Nationalitets Skaber, ...» (Monrad 1845a:110)

Førestellinga om folkeånda er eit statisk element i nasjonalitetssynet hans, men som det skulle gå klårt fram, var nasjonalitetssynet hans på andre måtar dynamisk og ein må mest seja moderne. Heile den kulturfilosofiske modellen hans gjekk ut på at det nasjonale var under skaping heile tida, og slik står Monrad på ein måte nær det som har vorte kalla ein konstruktivistisk eller modernistisk posisjon i nasjonalismeteorien. Folkeånda var ein fast storleik berre på eit svært abstrakt filosofisk (og religiøst) plan, medan dei nasjonale *ytringane* heile tida var under skaping og omforming. Slik kunne skriftmålet bli norsk om det ikkje var det i opphavet. Monrad skreiv fleire gonger at då nordmennene tok til å kalla skriftmålet norsk etter 1814, var det ikkje so mykje ut frå kva skriftmålet *var*, som kva det burde vera og skulle bli. Med ein slik nemningsbruk vart det uttrykt ein vilje til og eit ynske om ei viss språkutvikling, hevda han.

(b) Språk og kultur

Dei dynamiske elementa er langt mindre framskotne i synet hans på tilhøvet mellom språk og kultur-/daningsnivå. Nasjonalitetssynet til Monrad var klårt elitistisk, og språk- og kulturprogrammet hans var konservativt og tok sikte på å verna om dei rådande språklege, kulturelle og sosiale makttillhøva. Etter Hegels meining var staten verkeleggjeringa av den evige fornufta, og grunnlaget for eit godt samfunn låg i at kulturen og røyndomssynet til eliten vart spreidd til stadig fleire. Alt i 1845 avviste Monrad synet til visse romantikarar om at det sunne og reine livet fanst på landsbygda, medan livet i dei høgare sosiale sfærane i byane var fordervat:

Dette er den egentlige Trøst mod Civilisationens uundgaaelige Fordærvelse og Fjernelse fra Naturen at den dog stedse beholder en Følelse af denne Fjernelse og at den i sin Fuldendelse maa have foretaget en Tilbagegang, hvorved den har gjenoptaget det Naturlige i en forædet Form. Ikke ville vi derfor ... sige, at Civilisationen er blot Corrup-

tion, og Unatur, den er megetmere væsentligen Forædling, en gjenopstanden, forherliget Natur. (Monrad 1845b)

Difor hadde «dannelsen» ei sivilisatorisk oppgåve andsynes bygdefolket, og det var elitekulturen som skulle leggja premissane for kulturutviklinga og folkeopplysninga. Organisatorisk kom det til uttrykk gjennom engasjementet hans i Folkeopplysingsselskapet og Kristiania norske Theater som både var tufta på klåre patriarkalske ideal og hadde sosialpasifiserande føremål. Både institusjonane var skipa med det klårt uttrykte føremålet å byggja ned kløfta mellom elite og ålmuge slik at ein kunne unngå opprør av den typen ein hadde sett med thranerørsla i 1848–51.

Monrad såg føre seg eit intimt samband mellom kulturnivå og språk, og hovudpunktet hans i kritikken av målreisinga og oppnorskingsstrevet var at ålmugemålet stod på eit lågare kultursteg. Aasen meinte derimot at ein kunne uttrykkja kva ein ville på folkemålet og landsmålet, berre ein utvikla det naudsynte ordtilfanget og tok målet i bruk. Det var «idethele en daarlig Tale», meinte Monrad. Ein kunne ikkje uttrykkja seg på kva mål som helst om det «skal have Inderlighedens, Originalitetens Præg, hvor Sprogmidlet maa være givet med indre Nødvendighed». Det hjelpte ikkje at landsmålet hadde den «allerstørste Rigdom og Bøielighet» sidan dét ikkje var det språket «hvor vi have faaet vor Dannelse». Det hadde ikkje den «bekvemhed, vi maa fordre af et Nutidens Kultursprog, af den simple Grund, at det ikke har fulgt med Kulturen». Bondemålet kunne nå fram til ein slik posisjon, meinte Monrad, men det kravde at bøndene budde for seg sjølv og «at de gjennem Aarhundreders Barbari etterhaanden kunde utvikle en egen national Kultur og et eget Kultursprog». (Monrad 25.11.1858)

Berre på eitt punkt meinte Monrad det trongst aktive målpolitiske tiltak, og det var òg bakgrunnen for teaterengasjementet hans: Det var unormalt og uheldig at den øvste delen av eliten framleis henta dei språklege og kulturelle førebileta frå Danmark og slik sett var avskore frå den forfriskande kjelda som folkemålet var. Utviklinga i det høgare talemålet gav òg grunn til uro – det tok opp fleire og fleire danske drag i fyrste halvdelen av 1800-talet. Ei sunn, sann og skjønn utvikling av nasjonen var avhengig av eit organisk samband og ein vekselverknad mellom elitekultur og folkekultur. Teatret hadde dessutan ein større språkpolitisk misjon. Ein hadde i dag «ikke i sig selv ... noget Centrum, nogen anerkjendt Auctoritet» for det norske språket. Nettopp her hadde teatret si store målpolitiske rolle: «Et saadant Centrum skulde netop Theatret være, der iblandt Andet har, den Opgave, kunstnerisk at hæve Talesproget til Skjønhed, saa at derfra igjen kan udgaae en forædlende Indflydelse paa det dannede Folks Tale.» (Monrad 16.1.1850) Når det nasjonale teatret var på plass, var òg problemet løyst, og ein hadde lagt grunnen for ei nasjonal og fri språkutvikling som i andre land. Med tida ville dette føra til at skriftmålet i Noreg skilde seg noko frå skriftmålet i Danmark, men det var ei utvikling som måtte gå føre seg utan aktive inngrep.

Sjølv om det går ei klår line gjennom alt Monrad skreiv om målspørsmålet, er det ei dreiling i vektlegginga. I byrjinga – serleg i 40-åra, men òg i teaterstriden først i 50-åra – er han først og fremst oppteken av «det nasjonale». Då var det han som stod i opposisjon og kunne nytta det nasjonale som våpen mot det han meinte var ein unasjonal elite som tviheldt på det danske teatret og soleis hindra ei sunn og organisk utvikling av den norske nasjonalkulturen. Utetter 1850-åra vart Monrad utfordra, først av dei radikale dansk-norske målstrevarane (Knudsen og Vig), og etter kvart av landsmålsfolket. No var det Monrad som måtte forsvara seg mot ein nasjonalistisk argumentasjon – han stod sjølv for eit unasjonalt alternativ i augo til kritikarane. Monrad let då dei sosiokulturelle sidene ved målspørsmålet koma meir i framgrunnen. Han skilde seg likevel ut frå andre og meir konservative tradisjonalistar ved at han framleis hadde ein sterk vilje til å forsvara det elitistiske nasjonalitetssynet sitt framfor å gli over i ei avvising av nasjonalismen på eit meir ålement grunnlag.

5. Avslutning

Monrad skilde seg frå dei meir konservative tradisjonalistane (som Frederik Vibe) ved at han ville bryta det språklege bandet til Danmark som teatret utgjorde og la det høgare talemålet i Noreg vera retningsgjevande for skriftmålet. Denne striden vart vunnen i 1860-åra, og slik var Monrad med på å leggja grunnen for ein meir nasjonalisert tradisjonalisme. Monrad skilde seg òg frå tradisjonalismen til føregangsmennene for den samanliknande målvitskapen (P. A. Munch, Jakob Løkke, Sophus Bugge) ved at han rekna skriftmålet som norsk. Grunntankane er likevel dei same: Oppnorskingslina måtte avvisast av di det var uehdig å gripa aktivt inn i skriftspråksutviklinga, medan landsmålet representerer eit før-moderne kulturstadium og difor ville vera ei kulturell ulukke dersom det vart nytta til meir enn visse typar litteratur og nedskriving av folkedikting.

Meir kunnskap om tradisjonalismen som ideologi og tradisjonalistane som målpolitiske aktørar ville tvillaust gjeve oss større innsikt i norsk språkhistorie på 1800-talet. Det er lett å gløyma at det ikkje var Knudsen og Aasen som la premissane for målstriden på 1800-talet, men tradisjonalistar som Monrad.

Litteratur

- Almenningen, Olaf m fl 1987: *Språk og samfunn gjennom tusen år. Ei norsk språkhistorie*. Oslo – Bergen – Stavanger – Tromsø.
- Berg, Thoralf 1977: *Debatten om et norsk scenespråk i Christiania 1848–1853. Med hovedvekt på Knud Knudsen og hans arbeid for et norsk scenespråk ved Den norske dramatiske Skoles Theater*. Uprenta hovudoppgåve i nordisk. Trondheim.
- Bleken, Brynjulf 1966: *Om norsk sprogsstrid*. Oslo.
- Christophersen, Halfdan Olaus 1940: «Marcus Jacob Monrad.» I: *Norsk Biografisk Leksikon* (9) 1940:315–333.

- 1959: *Marcus Jacob Monrad. Et blad av norsk dannelses historie i det 19. århundre*. Oslo.
- Dahl, Helge 1962: *Knud Knudsen og latinskolen*. Oslo.
- Djupedal, Reidar 1969: «Ein vendekneik i norsk målstrid. Frå ordskeiftet i 1852.» I: *Arkiv för nordisk filologi* 1969:209–234.
- Garborg, Arne [1877]: *Den ny-norske Sprøg og Nationalitetsbevægelse*. 2. utg. Oslo 1982.
- Gundersen, Dag 1967: *Fra Wergeland til Vøgt-komiteen. Et utvalg av hovedtrekk og detaljer fra norsk språknormering*. Oslo.
- Haugland, Kjell 1985: *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo.
- Hoel, Oddmund Løkensgard 1996: *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–1865*. KULTs skriftserie nr. 51. Noregs forskingsråd. Oslo.
- 1998: «Language traditionalism and the nationalism conflict after 1814.» I: Rapport frå den internasjonale Ivar Aasen-konferansen 1996 (under utgjeving).
- Haarberg, Jon 1985: *Vinje på vrangen*. Oslo.
- Indrebø, Gustav 1951: *Norsk målsoga*. Bergen.
- Jahr, Ernst Håkon 1994: *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. 2. utg. Oslo.
- Knudsen, Knud 1850: «Om Norskhed i vor Tale og Skrift.» I: *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* 1850:205–273.
- 1862: *Er Norsk det samme som Dansk?* Kristiania.
- Linneberg, Arild 1992: *Norsk litteraturkritikkens historie 1770–1940. Bind II: 1848–1870*. Oslo.
- [Monrad, M. J.] 1842: «Literatur.» [melding av Asbjørnsen og Moe: Norske Folkeeventyr] I: *Morgenbladet* nr. 39, 8.2.1842.
- 1845a: «Om Philosophiens Betydning for Nationaliteten.» I: *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*. Bd. III, hf. 3, s. 104–122. [Prøveførelsing for lektoratet i filosofi.]
- [–] 1845b: «Literatur. Norske Huldreeventyr og Folkesagn fortalte af P. Chr. Asbjørnsen. Første Samling. Christiania 1845.» [melding]. I: *Morgenbladet* nr. 258 (Tillæg), 15.9.1845.
- [–] 1847: «Literatur.» [melding av Munch og Unger: Det oldnorske Sprogs eller Norrønasprogets Grammatik (1847).] I: *Den norske Rigstidende* nr. 26 og 27, 2. og 4.3.1847.
- [–] 1850: «Om norsk Udtale. Tilegnet norske Skuespillerinder.» I: *Den norske Rigstidende* nr. 5 og 6., 16. og 19.1.1850.
- [–] 1852: «Om det norske Sprog.» I: *Den norske Tilsuker* nr. 52 og 53, 18. og 25.12.1852 (s. 507–518).
- 1854: «Om Theater og Nationalitet og om en norsk dramatisk Skole.» I: *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* 1854–55, s. 1–33.
- 1855: «Ervingen. Sangspil i een Akt ...» [melding]. I: *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* 1854–55, s. 366–377.
- [–] «k» 1856: «Lidt om Korstog og Sprogrensning.» I: *Morgenbladet* nr. 256, 12.9.1856.
- [–] 1858a: [meldingar av Dølen på redaksjonell plass] I: *Morgenbladet* nr. 281, 287 og 291, 11., 17. og 21.10.1858.
- [–] 1858b: [innlegg mot I. Aasen og landsmålet på redaksjonell plass] I: *Morgenbladet* nr. 326 og 336, 25.11. og 5.12.1858.
- [–] 1862: «Literatur. Er norsk det samme som dansk? ... 1862, af K. Knudsen.» [melding]. I: *Morgenbladet* nr. 275, 292 og 308, 3.10., 20.10. og 5.11.1862.
- Seip, Jens Arup 1981: *Utsikt over Norges historie. Bind 2: Tidsrommet ca. 1850–1884*. Oslo.
- Skard, Vemund 1980: *Norsk språkhistorie III. 1814–1884*. 2. foreløpige utg. Oslo – Bergen – Tromsø.
- Smith, A. D. 1991: *National Identity*. London.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør 1993: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo.
- Venås, Kjell 1996: *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*. Oslo.
- Vibe, Frederik 1852: [melding av Fr. M. Bugges omsetjing av *Iliaden*] I: *Christiania-Posten* nr. 1502, 1503 og 1505, 15.–18.11.1852.
- Vig, Ole 1856: «Korstog mod unødvendige fremmede Ord i Bøger og Blade.» I: *Christiania-Posten* nr. 2827, 2831, 2834, 2841, 2844 og 2848, 20.7.–10.8.1856, òg prenta i Torstein Høverstad: *Ole Vig. Ein norren uppsedar*. Hamar 1953:395–420.

- Vinje, Finn-Erik 1978: *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*. Oslo.
- Walton, Stephen 1996: *Ivar Aasens kropp*. Oslo.
- Østgaard, Nicolai Ramm [1852]: *En Fjeldbygd. Billeder fra Østerdalen*. 6. oppl. Christiania 1903.
- Aasen, Ivar [1852]: «Folkevennen» [melding]. I: *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* 1851–52:217–243, her etter *Skrifter i samling III* 1912:24–57.
- Aasen, Ivar 1958: *Brev og dagbøker II*. Ved Reidar Djupedal. Oslo.